



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteprotokoll

Utvalg: Verneområdestyret for SVR

Møtested: Hovdestøylen hotell, Hovden

Dato: 23.10.2024

Tidspunkt: 16:00 - 18:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Jonny Liland	Leder	
Margit Dale	Medlem	
Marit Høie	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	
Anne Eikerapen	Medlem	
Janne Nystøl	Medlem	
Hans Blattmann	Medlem	
Mads Drange	Medlem	
Kenny Rettore	Medlem	
Jan Petter Gysland	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Per Sverre Kvinlaug	MEDL	
Anita Husøy Riskedal	NESTL	
Hayley Anita Henriksen	MEDL	

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Reprenterer
Johannes Soppeland	Anita Husøy Riskedal	

Merknader:

Vær raske med å sende inn krav om møtegodtgjøring.

Det kan først møtegodtgjøring for 2 timar for deltaking på møte og 2 timar for førebuing.

Øvrige frammøtte:

Navn

Alf Odden
Jørn Trygve Haug
Ida Christine Apalnes

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 28/24	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 29/24	Val av ein representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 30/24	Orienteringer		
ST 31/24	Referatsaker		
ST 32/24	Bruk av tiltaksmidler og styremidler for 2024.		2023/11700
ST 33/24	Saksframlegg - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Suldal - Bykle - opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverkene - Lyse Kraft DA		2024/4964
ST 34/24	Saksframlegg - uttale til konsesjonssøknad - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Suldal - Bykle - opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverkene - Lyse Kraft DA		2024/4964
ST 35/24	Saksframlegg - uttale til revisjonsdokument - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Suldal - Bykle - opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverkene - Lyse Kraft DA		2024/4964
ST 36/24	Saksframlegg - behandling av søknad om rivning av vedskjul og oppsett av nytt - Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral kommune - 2/15 - byggetiltak - Edgar Sundbø		2023/7249
ST 37/24	Saksframlegg - forberedende klagebehandling - retting og tvangsmulkt - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/15 - 5/5 - 5/15 - 2/16 - byggetiltak - Magne Brynjulfsen		2023/7249
ST 38/24	Førebuande klagehandsaming. Løyve til bruk av snøskuter og landing med helikopter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Hans Hornnes Ackermann. Ljosland. Åseral kommune.		2024/7925
ST 39/24	Eventuelt		
RS 141/24	Innvilga søknad. Landing med helikopter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Nedre Vivatn. 2/16 Åseral. Kjell Terje Flottorp		2024/8113
RS 142/24	Innvilga søknad om landing med helikopter i samband med strukturtelling av villrein		2024/9394
RS 143/24	Innvilga søknad om motorferdsel i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Helikopter - Stegilsøygard. 5/9 Hans Christian Gaarder. Bygland kommune		2024/7830

RS 144/24	Innvilga søknad. Landing med helikopter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Å Energi AS. Bygland og Åseral kommune	2024/7457
RS 145/24	Delvis innvilga søknad. Motorferdsel. Helikopter og snøskuter. Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde . 7/5 - 7/338. Hans Ackermann. Åseral kommune	2024/7925
RS 146/24	Svar på søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 102/5 - 106/3 - ATV - helikopter og snøskuter - Morten Hauge	2024/9258
RS 147/24	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 101/7 - helikopter - Roy Nøkland	2024/9259
RS 148/24	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 22/1. Bykle fjellstyre. Bykle kommune	2024/8392
RS 149/24	Underretning til klager - Vidmyr naturreservat - ulovlig motorisert ferdsel - ATV	2024/9028
RS 150/24	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 6/14 Tallak H. Bjørnarå. Bykle kommune	2024/6535
RS 151/24	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Tveite Djupetjønn. 11/1. Gunnar Tveiten. Bykle kommune.	2024/4175
RS 152/24	Melding om ulovlig motorisert ferdsel i Vidmyr naturreservat - Bykle kommune	2024/9028
RS 153/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Jonstøl i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 57/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening	2024/9146
RS 154/24	Test - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Fylkesvei 450 Brokke - Suleskard - snøskuter - Agder Fylkeskommune	2024/4055
RS 155/24	Innvilga søknad om helikoptertransport til Skitstøl i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bne, 56/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening	2024/8996
RS 156/24	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 102/4 -106/4 - snøskuter - Roy Ove Eiesland	2024/8616
RS 157/24	Vedtak i klagesak - omgjort - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde - Valle 62/1 - Lognbru - Svinehaugen - Evardalen - oppattføring av støylsbuer - Svern Magne Brokke	2023/439
RS 158/24	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 42/8 -	2024/6545

Breivevegen 19 - Kalsvatn - Enden 23 - snøskuter -
Dag Hovden

RS 159/24 Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-
Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 9/2 -
snøskuter - Geir Timenes

2024/4447

ST 28/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Vedtak

Innkalling og saksliste vart godkjent.

ST 29/24 Val av ein representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Denne saka vart ikkje tatt opp til handsaming under styremøtet.

Etter møte vart Janna Nystøl spurt om ho kunne skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

ST 30/24 Orienteringer

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Økonomi

Statsforvalteren i Agder orienterte om den økonomiske situasjonen og rammene for verneområdeforvaltarane sitt driftsbudsjett.

Forvaltningssekretariatet ventar på ei avklaring frå Miljødirektoratet om i kva grad drift av verneområdeforvaltarane er finansiert gjennom øyremerkte midlar. Dette avklaringa er venta før jul.

Øvingsplanar

Styreleiar Jonny Liland presenterte kort Sør Vest politidistrikt sin øvingsplan for verneområda og verneområdestyret drøfta planen.

Verneområdestyret var einig i det aller meste av planen, men var bekymra over at det i øvingsplanen var lagt opp til fem kjentmannsturar, fordelt på tre ulike redningsgrupper, på strekninga Storevatn-Kringlevatn. Desse kjentmannsturane går gjennom eit område som er svært mykje brukt av villreinen om vinteren.

Verneområdestyret etterlyste betre dokumentasjon frå politidistriktet for behovet for så mange kjentmannsturar på denne strekninga. Opplysningar om talet på redningsoppdrag og helseoppdrag i aktuelle område, bør inngå i denne dokumentasjonen. Utan slik dokumentasjon kan det være aktuelt for verneområdestyret å avgrense talet på kjentmannsturar etter denne strekninga ved handsaminga av dispensasjonssøknadane frå redningsgruppene.

Vedtak

ST 31/24 Referatsaker

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Det var inga spørsmål til referatsakane på sakslista.

Vedtak

ST 32/24 Bruk av tiltaksmidler og styremidler for 2024.

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret syner til saksutgreiinga og signal gjeven av miljøverndirektør i møte 11.10.2024.

For å dekke attståande utgifter for verneområdestyret post 21 ut 2024, kan inntil kr. 60 000 takast frå tiltaksmidlar post 31.

For å dekke attståande driftsutgifter for verneområdeforvaltarane i Sirdal og Valle/Åseral ut 2024, kan inntil kr. 26 000 takast frå tiltaksmidlar post 31.

For eventuell bruk av postane 21 og 31 til verneområdeforvaltarane sitt driftsbudsjett for 2025, føreset verneområdestyret at forvaltningssekretariatet kjem attende til dette i budsjetthandsaminga i arbeidsutvalet før jol.

For resterande ikkje nytta tiltaksmidlar post 31 kr. 19 000, vert dette inntil vidare ståande på post 31. Om naudsynt kan det nyttast som reserve til post 21 eller drift verneområdeforvaltarane etter nærmare avtale mellom styreleiar og forvaltningssekretariatet.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Verneområdeforvaltar si innstilling vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Verneområdestyret syner til saksutgreiinga og signal gjeven av miljøverndirektør i møte 11.10.2024.

For å dekke attståande utgifter for verneområdestyret post 21 ut 2024, kan inntil kr. 60 000 takast frå tiltaksmidlar post 31.

For å dekke attståande driftsutgifter for verneområdeforvaltarane i Sirdal og Valle/Åseral ut 2024, kan inntil kr. 26 000 takast frå tiltaksmidlar post 31.

For eventuell bruk av postane 21 og 31 til verneområdeforvaltarane sitt driftsbudsjett for 2025, føreset verneområdestyret at forvaltningssekretariatet kjem attende til dette i budsjetthandsaminga i arbeidsutvalet før jol.

For resterande ikkje nytta tiltaksmidlar post 31 kr. 19 000, vert dette inntil vidare ståande på post 31. Om naudsynt kan det nyttast som reserve til post 21 eller drift verneområdeforvaltarane etter nærmare avtale mellom styreleiar og forvaltningssekretariatet.

--- slutt på innstilling ---

ST 33/24 Saksframlegg - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Suldal - Bykle - opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverkene - Lyse Kraft DA

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret for SVR avslår søknaden frå Lyse Kraft om vidare kraftutbygging i Holmavassåno biotopvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Avslaget gjeld ytterlegare senking av lågaste regulerte vasstand (LRV) i Holmavatnet med 3 m for vassarealet i Holmavassåno biotopvernområde og 5 m for vassarealet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova.

Avslaget er grunngeve med at ei ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet, med periodevis tørrlegging av nye areal, vil ha svært negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskap, botndyr og fisk for delane av Holmavatnet som ligg i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og verke negativt inn på dei naturgjevne produksjonstilhøva i Holmavassåno biotopvernområde. For fisken vil både tilgangen til gytebekkane og tilgangen på mat vil bli sterkt redusert, og føre til at ein sjølvrekrutterande aurebestand av god kvalitet truleg vil bli erstatta av ein bestand under middels kvalitet som er avhengig av utsettingar for å overleve. Avslaget er og grunngeve med at ei senking av Holmavatnet, og tilhøyrande pumping av vatn frå Kvanndalsfoss, vil medføre svakare is og meir overvatn på Holmavatnet, og såleis være i strid med verneføremålet om sikring av viktige trekkvegar for villrein i Holmavassåno biotopvernområde.

Villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde er frå før svært hardt belasta med inngrep frå kraftutbygging. Det ligg og føre andre planar om pumpekraftverk som kan påverke verneområda og saka vil såleis ha store presedensverknadar. Senkinga av Holmavatnet og pumping av vatn frå Kvanndalsfoss blir vurdert til både ha negativ innverknad på verneverdiane og være i strid med verneføremålet for dei to verneområda. Det er derfor ikkje grunnlag for å gje dispensasjon naturmangfaldlovas §48, første ledd, første alternativ.

Det er og fleire sider ved konsekvensane for naturmangfaldet ein har for lite kunnskap om. Dette dreier seg om istilhøve på Holmavatnet generelt og særleg istilhøva ved tunellinntaket/utløpet i Nausdalsbukta i Holmavatnet, og kva for konsekvensar dette vil ha for villrein og friluftsliv. Konsekvensane for ein hubrolokaltet er heller ikkje utgreidd. Dette gjer at «føre var prinsippet» må tilleggas vekt og talar for at søknaden må avslås.

Verneområdestyret meiner det heller ikkje grunnlag for å gje dispensasjon etter naturmangfaldslova sin §48, første ledd, tredje alternativ. Å gje dispensasjon på grunn av vesentlege samfunnsinteresser vil berre være mogleg dersom prosjektet er av nasjonal betydning og kraftbehovet ikkje kan løysast på anna vis eller produksjonen ikkje kan lokaliserast andre stader. Dei tre nye kraftstasjonane i austre grein vil ha ein installert effekt på 280 MV. Verneområdestyret legg til grunn at prosjekt av denne storleiken kan gjennomførast andre stadar i landet utan at verna areal og viktige villreininteresser blir råka. Det ligg og føre eit utbyggingsalternativet (Kvanndal 2B kraftverk) som i liten grad vil berøre verna areal.

Delane av søknaden som inngår i Tverrå-prosjektet vil ikkje bli handsama av verneområdestyret. Dette omfattar mellom anna overføring av Tverrå til Holmavatnet ved kote 1063 og ytterlegare senking av Holmavatnet med 2 m. Av kap. V i verneføreskrift for Kvanndalen landskapsvernområde og kap. V, punkt 3 i verneføreskrift for Holmavassåno

biotopvernområde, går det fram at reglene i verneføreskriftene ikkje er til hinder for «Gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon».

Vedtak for denne delen av søknaden skal såleis fattast av Energidepartementet og det er ikkje nødvendig med dispensasjon frå verneføreskriftene. Verneområdestyret vil i sin uttale til konsesjonssøknaden rå frå at det blir gitt dispensasjon til desse omfattande inngrepa i verna areal.

Søknaden frå Lyse Kraft inneheld og opplysningar om at vasstanden i Isvatnet skal haldast stabil på kote 1294 med «naturleg» avrenning til Tverrå. Dette tiltaket kan gjennomførast utan nye tekniske inngrep og er såleis ikkje søknadspliktig etter verneføreskrifta for Kvanndalen landskapsvernområde.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Mads Drange

Saka blir utsett til neste styremøte.

Før saken leggst fram på nytt ønskjer styret at denne punkta blir nærare utgreia:

- Gjere greie for kva signal som er gjeve av overordna myndigheiter om korleis kraftutbygging og vern/villrein skal vegast mot kvarandre ved vurdering av bestemminga i § 48 i naturmangfaldslova om «*vesentlege samfunnsinteresser*»
- Avklaring frå Lyse kraft om det er ytterlegare avbøtande tiltak som kan gjerast for å redusere dei negative konsekvensane av utbygginga i austre grein. Dette gjeld særleg moglege restriksjonar på tidpunkt for pumping av vatn til Holmavatn gjennom vinteren.
- Forståinga av verneforskrifta for Holmavassåno BVO der verneføremålet er avgrensa til å skulle ivareta villreintrekket mellom Dyraheio og Kvanndalen. Vidare korleis ein skal vekte villreinens trekkmoglegheiter over isen på Holmavatn i høve til bortfall av vintervassføring i Holmavassåno.

Behandling

Nytt forslag til vedtak frå Mads Drange vart vedtatt med 8 mot 3 stemmar (Marit Høie, Margit Dale, Janne Nystøl).

Vedtak

Saka blir utsett til neste styremøte.

Før saken leggst fram på nytt ønskjer styret at denne punkta blir nærare utgreia:

- Gjere greie for kva signal som er gjeve av overordna myndigheiter om korleis kraftutbygging og vern/villrein skal vegast mot kvarandre ved vurdering av bestemminga i § 48 i naturmangfaldslova om «*vesentlege samfunnsinteresser*»

- Avklaring frå Lyse kraft om det er ytterlegare avbøtande tiltak som kan gjerast for å redusere dei negative konsekvensane av utbygginga i austre grein. Dette gjeld særleg moglege restriksjonar på tidpunkt for pumping av vatn til Holmavatn gjennom vinteren.
- Forståinga av verneforskrifta for Holmavassåno BVO der verneføremålet er avgrensa til å skulle ivareta villreintrekket mellom Dyraheio og Kvanndalen. Vidare korleis ein skal vekte villreinens trekkmoglegheiter over isen på Holmavatn i høve til bortfall av vintervassføring i Holmavassåno.

ST 34/24 Saksframlegg - uttale til konsesjonssøknad - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Suldal - Bykle - opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverkene - Lyse Kraft DA

Forvaltar si innstilling

Annet lovverk

Verneområdestyret godkjenner uttalen. Uttalen sendes til Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) innan høyringsfristen 01.11.2024.

Fram til uttalen blir send, får verneområdeforvaltar fullmakt til å gjere mindre endringar i uttalen i samråd med styreleiar.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Jonny Liland

Saka blir utsett til neste styremøte.

Uttalen til konsesjonssøknaden er nært knyt opp til handsaminga av dispensasjonssøknaden og bør derfor handsamast saman med denne i neste styremøte.

Behandling

Nytt forslag til vedtak frå Jonny Liland vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Saka blir utsett til neste styremøte.

Uttalen til konsesjonssøknaden er nært knyt opp til handsaminga av dispensasjonssøknaden og bør derfor handsamast saman med denne i neste styremøte.

ST 35/24 Saksframlegg - uttale til revisjonsdokument - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Suldal - Bykle - opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverkene - Lyse Kraft DA

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret godkjenner uttalen. Uttalen sendes til Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) innan høyringsfristen 01.11.2024.

Fram til uttalen blir send, får verneområdeforvaltar fullmakt til å gjere mindre endringar i uttalen i samråd med styreleiar.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Jonny Liland

Saka blir utsett til neste styremøte.

Uttalen til revisjonsdokumentet er nært knyt opp til handsaminga av dispensasjonssøknaden og bør derfor handsamast saman med denne i neste styremøte.

Behandling

Nytt forslag til vedtak frå Jonny Liland vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Saka blir utsett til neste styremøte.

Uttalen til revisjonsdokumentet er nært knyt opp til handsaminga av dispensasjonssøknaden og bør derfor handsamast saman med denne i neste styremøte.

ST 36/24 Saksframlegg - behandling av søknad om rivning av vedskjul og oppsett av nytt - Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral kommune - 2/15 - byggetiltak - Edgar Sundbø

Forvalters innstilling

Oppsetting av nytt vedskjul

Med hjemmel i § 48 i Naturmangfoldloven får Edgard Sundbø løyve til å bygge et vedskjul ved fritidshytta gnr/bnr. 2/15 i Åseral kommune. Størrelsen på vedskjulet skal være maksimalt 12m² BYA.

Som begrunnelse er det lagt vekt på at det nye vedskjulet erstatter en eksiterende bygning og at total bygningsmasse er innafør retningslinjene i forvaltningsplanen. Før byggingen av det nye vedskjulet begynner, skal det gamle være revet.

Vilkår:

- Før oppstart av bygging, skal ny målsatt skisse av vedskjulet med saltak godkjennes av forvaltningssekretariatet.
- Til fundament skal det brukes naturstein eller støpte påler. Høyden på fundamentet skal være maksimalt 50 cm. Planering av byggetomta er ikke tillat.
- På veggene skal det brukes stående kledning og med farge grå eller brun. Taket skal være lik den nye fritidshytten.
- Mønehøyden skal være på maksimum 3 meter inklusive høyde på pilarer.
- Alt av bygningsavfall skal transporteres ut av verneområdet.
- Byggeløyvet gjelder til 30.07.2027. Forvaltningssekretariat skal ha melding straks byggearbeidet er ferdig. I meldingen skal det legges ved bilde av ferdig tiltak.

Ved bruk av helikopter eller snøskuter i sammenheng med byggearbeidet må dette søkes om særskilt.

Annet lovverk

For omsøkte tiltak vil det i mange tilfeller også være nødvendig med løyve etter Plan- og bygningsloven. Søknad om dette må sendes kommunen. Det skal også hentes inn samtykke fra aktuell grunneier der dette er nødvendig.

Rivning av den gamle fritidshytta

Verneområdestyret opprettholder frist for rivning av den gamle fritidshytten, og rivningen skal være gjennomført innen 30.07.2025. Verneområdestyret vil understreke at vilkåret om rivning av den gamle hytta skulle være oppfylt 01.01.2017. Senere forlenget til 30.07.2025 i vedtak i verneområdestyret 23.11.2023. Verneområdestyret kan ikke se at det er tungtveiende grunner til å utsette fristen ytterligere.

Det har blitt varslet om mulig tvangsmulkt dersom tiltaket ikke er blitt gjennomført innen firsten som er fastsatt ovenfor. Aktuell størrelse på tvangsmulkt vil være kr 1000,- pr dag, og en tvangsmulkt vil kunne løpe fra og med 30. juli 2028.

Med hjemmel i Forvaltningsloven § 35 bokstav a opphever verneområdestyret pålegget om fjerning av støpte påler i bakken vest for den nye driftshytta, da det her er gitt løyve til oppføring av nytt vedskjul.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Verneområdeforvaltar gjorde merksam på ei skrivefeil i forslaget til vedtak. Eventuell tvangsmulkt for riving av den gamle fritidshytta skal løpe frå 30.juli 2025 og ikkje 30. juli 2028.

Verneområdeforvatar si innstilling, men denne endringa, vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Oppsetting av nytt vedskjul

Med hjemmel i § 48 i Naturmangfoldloven får Edgard Sundbø løyve til å bygge et vedskjul ved fritidshytta gnr/bnr. 2/15 i Åseral kommune. Størrelsen på vedskjulet skal være maksimalt 12m² BYA.

Som begrunnelse er det lagt vekt på at det nye vedskjulet erstatter en eksisterende bygning og at total bygningsmasse er innafor retningslinjene i forvaltningsplanen. Før byggingen av det nye vedskjulet begynner, skal det gamle være revet.

Vilkår:

- Før oppstart av bygging, skal ny målsatt skisse av vedskjulet med saltak godkjennes av forvaltningssekretariatet.
- Til fundament skal det brukes naturstein eller støpte påler. Høyden på fundamentet skal være maksimalt 50 cm. Planering av byggetomta er ikke tillat.
- På veggene skal det brukes stående kledning og med farge grå eller brun. Taket skal være lik den nye fritidshytten.
- Mønehøyden skal være på maksimum 3 meter inklusive høyde på pilarer.
- Alt av bygningsavfall skal transporteres ut av verneområdet.
- Byggeløyvet gjelder til 30.07.2027. Forvaltningssekretariat skal ha melding straks byggearbeidet er ferdig. I meldingen skal det legges ved bilde av ferdig tiltak.

Ved bruk av helikopter eller snøskuter i sammenheng med byggearbeidet må dette søkes om særskilt.

Annet lovverk

For omsøkte tiltak vil det i mange tilfeller også være nødvendig med løyve etter Plan- og bygningsloven. Søknad om dette må sendes kommunen. Det skal også hentes inn samtykke fra aktuell grunneier der dette er nødvendig.

Rivning av den gamle fritidshytta

Verneområdestyret opprettholder frist for rivning av den gamle fritidshytten, og rivningen skal være gjennomført innen 30.07.2025. Verneområdestyret vil understreke at vilkåret om rivning av den gamle hytta skulle være oppfylt 01.01.2017. Senere forlenget til 30.07.2025 i vedtak i verneområdestyret 23.11.2023. Verneområdestyret kan ikke se at det er tungtveiende grunner til å utsette fristen ytterligere.

Det har blitt varslet om mulig tvangsmulkt dersom tiltaket ikke er blitt gjennomført innen firsten som er fastsatt ovenfor. Aktuell størrelse på tvangsmulkt vil være kr 1000,- pr dag, og en tvangsmulkt vil kunne løpe fra og med 30. juli 2025.

Med hjemmel i Forvaltningsloven § 35 bokstav a opphever verneområdestyret pålegget om fjerning av støpte påler i bakken vest for den nye driftshytta, da det her er gitt løyve til oppføring av nytt vedskjul.

--- slutt på innstilling ---

ST 37/24 Saksfremlegg - forberedende klagebehandling - retting og tvangsmulkt - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/15 - 5/5 - 5/15 - 2/16 - byggetiltak - Magne Brynjulfsen

Forvalters innstilling

Verneområdestyret syner til klage datert 10.12.23 på vedtak fatta av verneområdestyret i møtet 14.11.23, sak 41/31.

Med hjemmel i forvaltningsloven § 33 endrer verneområdestyret deler av sitt vedtak i sak 41/31 slik at frist for gjennomføring endres fra 01.10.24 til 01.10.25 og det tillates at 1m² av plattingen på østsiden av hytta kan beholdes til forankring av trapp.

Med hjemmel i naturmangfoldloven § 69, pålegger verneområdestyret Magne Brynjulfsen retting på tiltak som er gjennomført uten tillatelse og som er i strid med verneforskriften. Pålegg om retting gjelder fjerning av ny oppsatt platting på eiendom gnr/bnr. 5/15. plattinger som kreves fjernet utgjør et samlet areal på 38 m². Her inngår: utvidet terrasse med ny trapp ved hyttens sør-østvegg. Her tillates det å beholde 1m² til forankring av trapp. Ny platting langs østveggen og frittstående platting ved hyttens nordvegg kreves også fjernes, se saksframlegg Figur 4-7.

Pålegg om fjerning gjelder ikke allerede godkjent terrasse på 20,6 m² i henhold til byggetegning fra 1997, samt tilhørende trapp jfr. saksfremlegg Figur 2-3.

Rivningsmateriale som er overflatebehandlet eller impregnert skal rives og transporteres ut av verneområdet. Ved bruk av motorisert transport for fjerning må det søkes spesielt om dette.

Frist for gjennomføring settes til 01.10.2025. Forvaltningsmyndigheten skal varsles når bygningsmassen er fjernet. Når det ved etterkontroll konkluderes med at pålegget er fulgt opp anses saken som avsluttet.

Begrunnelse

Verneområdestyret legger vekt på at en vid åpning for store verandaer og plattinger på fritidshytter i verneområdet vil føre med seg flere nye byggetiltak og økt motorferdsel for transport av materiale og utstyr. Store plattinger vil også skille seg ut i landskapet, og dermed påvirke landskapets art og karakter. Plattinger kan likevel ha en nyttig funksjon med tanke på å holde uteplassen ryddig, og forhindre erosjonsskader ved utsatt inngangsparti.

Fra tidligere saker er det gitt dispensasjon for plattinger inntil 9m², jfr. vår ref. 2021/7156. Et samlet areal på 20,6 m² med plattinger vurderes derfor å være mer enn tilstrekkelig for et funksjonelt uteareal.

Varsel om bruk av trangsmulkt og mulig tvangsgjennomføring

Forvaltningen har anledning til å benytte tvangsmulkt for å sikre etterlevelse av pålegg om retting, jfr. naturmangfoldloven § 73 og forvaltningsloven § 16. Det gjøres også oppmerksom på at dersom vedtaket om retting ikke etterkommes av den ansvarlige, kan fjerning gjennomføres fysisk av forvaltningen, jfr. naturmangfoldloven § 71. Utgifter til slik retting kan kreves dekket av den ansvarlige.

Verneområdestyret varsler herved om at det vil bli vurdert å bruke tvangsmulkt etter naturmangfoldloven § 73 dersom byggetiltaket ikke blir fjernet innen den fristen som er fastsatt ovenfor. Aktuell størrelse på tvangsmulkt vil være kr 1000,- pr dag, og en tvangsmulkt vil kunne løpe fra og med 1. oktober 2025.

Samtidig varsles det også om at det kan bli aktuelt med tvangsgjennomføring dersom pålegget ikke følges.

Annet lovverk

For omsøkte tiltak og rivning vil det i mange tilfeller også være nødvendig med løyve etter Plan- og bygningsloven. Søknad om dette må sendes kommunen. Det skal også hentes inn samtykke fra aktuell grunneier der dette er nødvendig.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Verneområdeforvaltar sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Verneområdestyret syner til klage datert 10.12.23 på vedtak fatta av verneområdestyret i møtet 14.11.23, sak 41/31.

Med hjemmel i forvaltningsloven § 33 endrer verneområdestyret deler av sitt vedtak i sak 41/31 slik at frist for gjennomføring endres fra 01.10.24 til 01.10.25 og det tillates at 1m² av plattingen på østsiden av hytta kan beholdes til forankring av trapp.

Med hjemmel i naturmangfoldloven § 69, pålegger verneområdestyret Magne Brynjulfsen retting på tiltak som er gjennomført uten tillatelse og som er i strid med verneforskriften. Pålegg om retting gjelder fjerning av ny oppsatt platting på eiendom gnr/bnr. 5/15. plattinger som kreves fjernet utgjør et samlet areal på 38 m². Her inngår: utvidet terrasse med ny trapp ved hyttens sør-østvegg. Her tillates det å beholde 1m² til forankring av trapp. Ny platting langs østveggen og frittstående platting ved hyttens nordvegg kreves også fjernes, se saksframlegg Figur 4-7.

Pålegg om fjerning gjelder ikke allerede godkjent terrasse på 20,6 m² i henhold til byggetegning fra 1997, samt tilhørende trapp jfr. saksframlegg Figur 2-3.

Rivningsmateriale som er overflatebehandlet eller impregnert skal rives og transporteres ut av verneområdet. Ved bruk av motorisert transport for fjerning må det søkes spesielt om dette.

Frist for gjennomføring settes til 01.10.2025. Forvaltningsmyndigheten skal varsles når bygningsmassen er fjernet. Når det ved etterkontroll konkluderes med at pålegget er fulgt opp anses saken som avsluttet.

Begrunnelse

Verneområdestyret legger vekt på at en vid åpning for store verandaer og plattinger på fritidshytter i verneområdet vil føre med seg flere nye byggetiltak og økt motorferdsel for transport av materiale og utstyr. Store plattinger vil også skille seg ut i landskapet, og dermed påvirke landskapets art og karakter. Plattinger kan likevel ha en nyttig funksjon med tanke på å holde uteplassen ryddig, og forhindre erosjonsskader ved utsatt inngangsparti.

Fra tidligere saker er det gitt dispensasjon for plattinger inntil 9m², jfr. vår ref. 2021/7156. Et samlet areal på 20,6 m² med plattinger vurderes derfor å være mer enn tilstrekkelig for et funksjonelt uteareal.

Varsel om bruk av trangsmulkt og mulig tvangsgjennomføring

Forvaltningen har anledning til å benytte tvangsmulkt for å sikre etterlevelse av pålegg om retting, jfr. naturmangfoldloven § 73 og forvaltningsloven § 16. Det gjøres også oppmerksom på at dersom vedtaket om retting ikke etterkommes av den ansvarlige, kan fjerning gjennomføres fysisk av forvaltningen, jfr. naturmangfoldloven § 71. Utgifter til slik retting kan kreves dekket av den ansvarlige.

Verneområdestyret varsler herved om at det vil bli vurdert å bruke tvangsmulkt etter naturmangfoldloven § 73 dersom byggetiltaket ikke blir fjernet innen den fristen som er fastsatt ovenfor. Aktuell størrelse på tvangsmulkt vil være kr 1000,- pr dag, og en tvangsmulkt vil kunne løpe fra og med 1. oktober 2025.

Samtidig varsles det også om at det kan bli aktuelt med tvangsgjennomføring dersom pålegget ikke følges.

Annet lovverk

For omsøkte tiltak og rivning vil det i mange tilfeller også være nødvendig med løyve etter Plan- og bygningsloven. Søknad om dette må sendes kommunen. Det skal også hentes inn samtykke fra aktuell grunneier der dette er nødvendig.

--- slutt på innstilling ---

ST 38/24 Førebuande klagehandsaming. Løyve til bruk av snøskuter og landing med helikopter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Hans Hornnes Ackermann. Ljosland. Åseral kommune.

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret syner til klage frå Hans Hornnes Ackermann dagsett 23.9.2024, på delegert vedtak fatta 9.9.2024, sak 109/24, om bruk av snøskuter og landing med helikopter i verneområdet.

Med heimel i forvaltningslova § 33 endrar verneområdestyret delvis delegert vedtak 109/24 slik at søkar kan køyre via nordre ende av Storevatn mellom hyttene ved Bustøltjønn og Bustølvatn. Som grunngeving legg verneområdestyret vekt på at opphaveleg køyrerute gjennom Veståre Bustøldalen er vanskeleg framkomeleg.

Vedtaket vert då som følgjer og der endringa er teken inn i kartet:

Med heimel i kap. 4 pkt. 5.4. bokstav a og c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Hans Hornnes Ackermann løyve til å nytte snøskuter til frakt av brensel og materialar til dei tre hyttene ved Bustøltjønn, Bustølvatn og i Skoådalen liggjande i Åseral kommune. Løyvet gjeld for ein snøskuter og inntil ti årlege turar totalt til dei tre hyttene. Transporten må gjennomførast seinast 30.4.kvart år. Løyvet gjeld til 30.4. 2027. Innafor vernegrensa skal transporten følgje ruta teikna inn på kartet i vedtaket.

Raud trase over Storevatn kan berre nyttast før 15.2 kvar vinter.

Løyvet gjeld også for uttak av vedskog inntil 300 meter kring hyttene ved Bustølvatn og Bustøltjønn. Løyvet gjeld også for Søren Reidar Haugland og Elisabeth Ackermann.

Vilkår snøskuter:

- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet. Om to snøskuterar køyrer i følgje skal dette først opp som to turar på loggskjema. Det er ein føresetnad at båe deltek aktivt i transporten.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa.


Med heimel i kap. 4 pkt. 5.4. bokstav c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Hans Hornnes Ackermann landingsløyve for helikopter til frakt av materialar til dei tre hyttene ved Bustøltjønn, Bustølvatn og i Skoådalen merka av på kartet i vedtaket. Løyvet gjeld for inntil tre årlege landingar totalt til dei tre hyttene og for perioden 19.7 – 23.12. Løyvet gjeld til 23.12.2027. Løyvet gjeld også for Elisabeth Ackermann.

Med heimel i kap. 4 pkt. 5.4. bokstav a i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Hans Hornnes Ackermann løyve til bruk av helikopter til å frakte ut felt elg. Løyvet gjeld for inntil to årlege landingar i perioden med elgjakt. Løyvet gjeld for henting av elg på fallstad. Løyvet gjeld til 23.12.2027.

Vilkår helikopter:

- Utgangspunktet for flyginga er Ljosland. Flyginga mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunkta
- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 m. frå landingspunktet skal landing utsettast til faren for forstyrring er over.
- Landingsløyvet for helikopter gjeld ikkje for persontransport. Personar kan likevel sitte på ved vanleg nyttetransport om det ikkje førar til fleire turar.

Kart - godkjend trase for snøscooter er merka med grå line. Raud line kan berre nyttast før 15.2 kvar vinter. Aktuelle hytter er merka med blått punkt, dette er også landingspunkt for helikopter.



Med heimel i kap. 4 pkt. 5.1 bokstav a vert det gjeven avslag på fleire tal turar med snøskuter og køyring i raud trase over Storevatn etter 15.2 kvart år. Vidare vert det gjeven avslag på køyring i alternativ vestleg trase over Holmavatn. Avslaget er grunngeven med at innvilga tal turar med snøskuter og helikopter vurderast som tilstrekkeleg til å dekke det årlege transportbehovet til dei tre hyttene. Vidare vert det lagt til grunn fleire av hyttene kan nåast på same turen. Av omsyn til sårbare artar i området skal raud trase over Storevatn berre nyttast før 15. 2 kvar vinter. Alternativ vestleg rute om Holmavatn vert ikkje godkjend då det vert ei svært lang køyring i område det normalt er lite anna trafikk. Det er også større sjanse for å treffe på villrein i dette området.

For motorferdsla vil det vera naudsynt med eigen dispensasjon etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigendom. Du må difor hente inn grunneigars tillating der dette er naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Verneområdeforvaltar sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Verneområdestyret syner til klage frå Hans Hornnes Ackermann dagsett 23.9.2024, på delegert vedtak fatta 9.9.2024, sak 109/24, om bruk av snøskuter og landing med helikopter i verneområdet.

Med heimel i forvaltningslova § 33 endrar verneområdestyret delvis delegert vedtak 109/24 slik at søkar kan køyre via nordre ende av Storevatn mellom hyttene ved Bustøltjønn og Bustølvatn. Som grunngeving legg verneområdestyret vekt på at opphaveleg køyrerute gjennom Veståre Bustøldalen er vanskeleg framkomeleg.

Vedtaket vert då som følgjer og der endringa er teken inn i kartet:

Med heimel i kap. 4 pkt. 5.4. bokstav a og c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Hans Hornnes Ackermann løyve til å nytte snøskuter til frakt av brensel og materialar til dei tre hyttene ved Bustøltjønn, Bustølvatn og i Skoådalen liggjande i Åseral kommune. Løyvet gjeld for ein snøskuter og inntil ti årlege turar totalt til dei tre hyttene. Transporten må gjennomførast seinast 30.4.kvart år. Løyvet gjeld til 30.4. 2027. Innafor vernegrensa skal transporten følgje ruta teikna inn på kartet i vedtaket.

Raud trase over Storevatn kan berre nyttast før 15.2 kvar vinter.

Løyvet gjeld også for uttak av vedskog inntil 300 meter kring hyttene ved Bustølvatn og Bustøltjønn. Løyvet gjeld også for Søren Reidar Haugland og Elisabeth Ackermann.

Vilkår snøskuter:

- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet. Om to snøskuterar køyrer i følgje skal dette først opp som to turar på loggskjema. Det er ein føresetnad at båe deltek aktivt i transporten.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa.


Med heimel i kap. 4 pkt. 5.4. bokstav c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Hans Hornnes Ackermann landingsløyve for helikopter til frakt av materialar til dei tre hyttene ved Bustøltjønn, Bustølvatn og i Skoådalen merka av på kartet i vedtaket. Løyvet gjeld for inntil tre årlege landingar totalt til dei tre hyttene og for perioden 19.7 – 23.12. Løyvet gjeld til 23.12.2027. Løyvet gjeld også for Elisabeth Ackermann.

Med heimel i kap. 4 pkt. 5.4. bokstav a i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Hans Hornnes Ackermann løyve til bruk av helikopter til å frakte ut felt elg. Løyvet gjeld for inntil to årlege landingar i perioden med elgjakt. Løyvet gjeld for henting av elg på fallstad. Løyvet gjeld til 23.12.2027.

Vilkår helikopter:

- Utgangspunktet for flyginga er Ljosland. Flyginga mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunkta
- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 m. frå landingspunktet skal landing utsettast til faren for forstyring er over.
- Landingsløyvet for helikopter gjeld ikkje for persontransport. Personar kan likevel sitte på ved vanleg nyttetransport om det ikkje førar til fleire turar.

Kart - godkjend trase for snøscooter er merka med grå line. Raud line kan berre nyttast før 15.2 kvar vinter. Aktuelle hytter er merka med blått punkt, dette er også landingspunkt for helikopter.



Med heimel i kap. 4 pkt. 5.1 bokstav a vert det gjeven avslag på fleire tal turar med snøskuter og køyring i raud trase over Storevatn etter 15.2 kvart år. Vidare vert det gjeven avslag på køyring i alternativ vestleg trase over Holmavatn. Avslaget er grunngeven med at innvilga tal turar med snøskuter og helikopter vurderast som tilstrekkeleg til å dekke det årlege transportbehovet til dei tre hyttene. Vidare vert det lagt til grunn fleire av hyttene kan nåast på same turen. Av omsyn til sårbare artar i området skal raud trase over Storevatn berre nyttast før 15. 2 kvar vinter. Alternativ vestleg rute om Holmavatn vert ikkje godkjend då det vert ei svært lang køyring i område det normalt er lite anna trafikk. Det er også større sjanse for å treffe på villrein i dette området.

For motorferdsla vil det vera naudsynt med eigen dispensasjon etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigendom. Du må difor hente inn grunneigars tillating der dette er naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

ST 39/24 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 23.10.2024

Behandling

Møteplan for 2025

Neste styremøte blir 19. februar 2025, kl 12.00 på Sandnes Rådhus.

Møteplan for resten av 2025 blir vedtatt på dette møte.

Kontakt mellom arealforvaltninga og bestandsforvaltninga

Hans Blattmann fremma ønskje om å starte ein prosess for å få til ei betre samordning mellom arealforvaltninga og bestandsforvaltninga i villreinområda.

Verneområdestyret inviterar villreinnemnda og villreinlaget til eit kontaktmøte for å drøfte samspelet mellom arealforvaltninga og bestandsforvaltninga.

Vedtak